

# Årsmelding 2003

## Oppsummering

- Dette året blei det ny publikumsrekord! Over 38.500 gjester besøkte Jærmuseet sine ulike anlegg i løpet av 2003. Det har vore ein fin auke både på Kvia, Sandnes museum og Grødaland.
- Særleg gledeleg er det at Jærmuseet auka talet på grunnskuleelevar i organisert undervisning med over 10.000 – til 16.500. Medrekna studentar og elevar frå vidaregåande skular var det samla elevtalet 18.277! Av dette stod Science Circus for vel 6.600 elevar. Dette omreisande realfagstilbudet blei svært godt mottatt, og Science Circus besøkte 40 skular i Rogaland hausten 2003 – frå Utsira i vest til Ølen og Sauda i nord og til Egersund i sør. Då Jærmuseet over statsbudsjettet for 2003 fekk kr. 500.000 frå Den Kulturelle Skulesekken (DKS) var kravet frå Kultur- og kyrkjedepartementet at me skulle auka talet på grunnskuleelevar med 5000.
- I desember fekk me melding om at Jærmuseet var tildelt 885.000 kroner i prosjektmidlar frå DKS for å utvida og fornya tilbudet til Science Circus. Desse midlane skal nyttast i løpet av 2004, og frå 2005 vil grunnskulane i Rogaland få eit betre og utvida tilbud.
- I august fekk me melding om at Jærmuseet var eitt av seks prosjekt som fekk støtte frå Undervisnings- og forskingsdepartementet som regionalt vitensenter – med 1,1 mill. kroner i driftsstøtte for skuleåret 2003/2004!
- Jærmuseet fekk også kr. 500.000 i nye konsolideringspengar på statsbudsjettet for 2003. Midlane blei nytta til ei nyoppretta bygningshandverkarstilling, og Olav Martin Bråtveit frå Bryne begynte i jobben i august. Staten set som vilkår for løyvinga at konsolideringsarbeidet i regionen skal halda fram. Jærmuseet har likevel ikkje tatt over nye anlegg i 2003, men vil få ansvaret for drifta av Gjesdal bygdemuseum frå 1. januar 2004.
- Hausten 2003 blei arkitektkonkurransen for museumskvartalet i Sandnes lystut. Etter prekvalifisering blei 7 firma plukka ut til å delta i konkurransen – frå Norge, Sverige, Danmark og Frankrike. Konkurransen har ei kostnadsamme på 2 mill. kroner og er finansiert med 1 mill frå Sandnes Sparebank og 1 mill. frå Sandnes kommune.
- I 2003 kom ein også i gang med pilotprosjektet og matterommet i Sandnes - som skal byggast på loftet i Huset Vårt. Prosjektet fekk førsteprioritet av den

nye bygningshandverkaren. HiS, SEGRO, NHO og Stavanger Astronomiske Forening samarbeider om innhaldet i utstillingane. Vitensentermidlane frå UFD gjorde det m.a. muleg å engasjera ein eigen prosjektmedarbeidar til pilotutstillinga frå hausten 2003.

- Dessutan vil Lyse Energi flytta si energiutstilling frå Oltedal til Sandnes museum slik at denne blir ein viktig del av pilotprosjektet. Lyse vil vidare gi ei årleg støtte til drift og vedlikehald av utstillinga
- Det blei til saman arrangert 15 aktivitetsdagar på museet sine ulike anlegg. Eit særleg fokus dette året blei sett på redningsarbeidet langs jærkysten. Aktivitetsdagen 29. mai på Varden redningsmuseum på Brusand blei gjennomført i samarbeid med Redningsselskapet, Redningsskøyta i Egersund, 330 Skvadronen på Sola, Reve redningsstasjon, Oгна Camping og Sirevåg Dykkerklubb. Trass i usikre vervarsel møtte om lag 580 besøkane.
  - Best besøkt var likevel aktivitetsdagen som Vennelaget for Jærmuseet Hå arrangerte på Kvia 23. november med aktivitetar knytta til "Haust på den gamle garden". Då kom 610 personar.
- I løpet av året er det lagt ned eit stort arbeid for å flytta store delar av samlingane til fellesmagasinet på Åmøy. Storparten av jobben er nå unnagjort, og flyttinga skal vera fullført innan 1.april 2004. Men Jærmuseet vil framleis vera avhengig av å leiga eksterne lager til samlingane.

## **STYRET**

Styret for Jærmuseet har i 2003 hatt denne saman-  
setjinga:

Martha Ulvund, private medlemmer, styreleiar  
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune,  
nestleiar

Tor Audun Bilstad, Klepp

Kåre Hauge, Sandnes

Arnfinn Vigrestad, Time

Gunnar Siqveland, Hå

Solveig Horne Kolnes, Sola

Tom Tvedt, Randaberg

Liv Todnem, Gjesdal

Ivar Rusdal, private medlemmer

Inger Smidt Olsen, representant for dei tilsette – til  
26.06

Solveig Hope, representant for dei tilsette, frå 26.06

### *Varamedlemmer:*

Torleiv Bilstad, private medlemmer

Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune

Sivert Skår, Klepp

Astrid Ulvatne, Sandnes

Gitle Byberg, Sola

Kjellaug Ånestad Varhaug, Hå

Terje Larsen, Gjesdal

Leif Egil Torkelsen, Randaberg

Marit Egaas, Time

Sven Åsland, til 08.05

Tobias Ånestad, frå 08.05

Bjørge Sandve, representant for dei tilsette

*Valnemnd:*

Egil S. Tofte, Hå

Torbjörg Sægrov, Sandnes

Henry Tendenes, Gjesdal

Torger Bø, Randaberg

Solveig Horne Kolnes, Sola (styret sin representant)

Styret har i meldingsåret hatt fem styremøte og behandla 42 saker. Dei viktigaste sakene har vore knytta til budsjett og økonomi, arkitektkonkurransen i Sandnes, museumsreforma.

Martha J. Ulvund blei attvald som styreleiar og Roald G. Bergsaker som nestleiar i styremøte 8. mai 2003.

## **ADMINISTRASJON OG ØKONOMI**

### **Personalet**

Jærmuseet hadde i 2003 11,5 faste årsverk fordelt på 16 personar.

Til saman hadde Jærmuseet 20,75 betalte årsverk i 2003, mot 17,5 årsverk i 2002. I alt 59 personar mottok lønn frå museet dette året.

Avdelingane Jærmuseet Hå og Sandnes museum hadde begge om lag 0,2 frivillige årsverk.

### **Organisasjon**

Jærmuseet består i dag av to avdelingar – Jærmuseet Hå med anlegget på Kvia og dei tidlegare anlegga til Hå bygdemuseum, og Sandnes museum som inkluderer det tidlegare Sandnesmuseet, Øglændmuseet og Krossen Havremølle, samt nytt vitensenter under

oppbygging. Kontor- og handverkar tenester er organisert som fellestenester. Museet har ennå langt fleire funksjonar og oppgåver enn det me pr. i dag har personar og ressursar til å løysa. Dette krev ein fleksibel bruk av personalet. Likevel har organisasjonen vore nøydd å prioritera ned fleire viktige arbeidsområde – dessverre har dette først og fremst ut over oppgåver knytta til registrering og dokumentasjon.

### **Samarbeidspartar**

*Frivillige lag og organisasjonar:*

- Hå Historie- og Ættesogelag stiller med frivillige sundagsvakter på Grødalaland og Varden i åpnings sesongen og har ansvaret for fire aktivitetsdagar. Ei eiga arbeidsgruppe skal planlegga og samordna arbeidet mellom Hå Historie- og Ættesogelag og Jærmuseet, og er sett saman slik:
- Vennelaget for Jærmuseet Hå har arrangert ein aktivitetsdag og stilt med frivillige sundagsvakter i vitensenterutstillinga. Laget gir ut medlemsbladet "Jærlappen" som kom med to nummer i 2003.
- Det er og etablert eit vennelag for Sandnes museum.
- SEGRO og HTM-klubben har utført betydeleg dugnadsarbeid i samband med bygginga av matematikk eksperiment til Sandnes museum modellen.

### **Faglege nettverk og samarbeidsorgan**

- NAV - det nasjonale nettverket av vitensentra
- Nettverket for samtidsdokumentasjon
- Referansegruppe for fotovernplan i Rogaland

## Museet si deltaking i ulike organisasjonar og samarbeidsfora

Jærmuseet har i 2003 vore med i desse organisasjonane: HSH (arbeidsgjevarorganisasjon), Norges Museumsforbund, Nordisk Science Center Forbund (NSCF), NAV, ECSITE – den europeiske vitensenterorganisasjonen (støtte-medlem), ICOM - International Council of Museums (gjennom individuelle medlemskap), MNT-forum Sør-Rogaland, Næringsforeningen for Stavangerregionen, Reisemål Jæren/Region Stavanger BA, Norsk Kulturforum, Landslaget for lokalhistorie, Norsk Kulturarv, Fortidsminneforeningen, Forskerfabrikken, Norsk Fyrhistorisk Forening, Gammeltraktorens Venner, Forum for norske 4H gardar, Norges Fjordhestlag/Jæren Hestealag, Jæren Birøktarlag, Jæren Forsøksring.

## Museumsreforma

Jærmuseet fekk nye 500.000 kroner på statsbudsjettet for 2003, og departementet føreset at konsolideringsarbeidet i regionen held. Frå 2001 – 2003 har museet fått til saman 2,2 mill. kroner i "konsolideringspengar". Det er gjennomført konsolideringsdrøftingar i alle kommunane med kommunale museer, og samtlege kommunar er innstilte på å gjennomføra museumsreforma.

Elles ønskjer Rogaland Krigshistoriske Museum (i Sola) tettare kontakt med Jærmuseet.

Dessutan har Vestlandske Skolemuseum vendt seg til Jærmuseet med ønskje om konsolidering. Me har hatt fleire positive drøftingar med VSM, og begge partar ser spennande felles utfordringar dersom dette kan etablera

ei felles fagleg plattform som kombinerer nytt perspektiv både på skulehistoria og vitensenterpedagogikken. Styret ønskjer likevel først å gjennomføra konsolideringsprosessen på Jæren. Ein eventuell konsolideringsavtale med VSM vil dessutan vera avhengig av tilslutning frå Rogaland fylkeskommune og ABM-utvikling.

## Økonomi

"Omsetninga" på Jærmuseet dette året var om lag 12,5 mill. kroner. Fullstendig oversyn over museet sine midlar går fram av rekneskapen. Samla offentlege driftstilskot i 2003 utgjorde kr. 9,524.000.

Eigeninntekter frå div. salg, utleige, entré, medlemskap, jordbruksinntekt og diverse andre inntekter utgjorde omlag 1,1 mill. kroner. Museet hadde i 2003 eit driftsresultat på 473.000,- kroner, renteinntektene utgjorde 444.000 og det samla årsresultatet vel 917.000 kroner.

## Oversyn over fordeling av inntekter:

	2003		2002	
	kr.	%	kr.	%
Staten	3,895.000	36	2,819.660	35
Fylkeskommunen	1,787.600	17	1,714.940	22
Eigarkommunane	3,841.400	35	2,502.313	31
Sum off. driftstilskot	9,524.000		7,036.913	
Eigeninntekter og refusjonar 1)	1,313.000	12	932.560	12
Sum driftsinntekter	10,837.000		7,969.473	
Finansinntekter	444.000		593.625	
Prosjekt/ Øyremerka tilskot	4,304.000		3,811.531	
<b>Samla inntekt</b>	<b>15,585.000</b>		<b>12,374.629</b>	

1) Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker og suvenirar, kafe- og servering, utleige annonseinntekter, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter.



*Energi i sykkel. Frå Nysjerrigper - dagen på Kvia.  
Foto: Jærmuseet.*

### **Diverse gratisytningar**

Hå kommune yter ein del gratistjenester i samband med utbetalingar og føring av rekneskapet.

### **Arkitektkonkurransen for Sandnes museum**

Arbeidet med arkitektkonkurransen for Sandnes museum har gått fortløpande gjennom året. Konkurransen blir gjennomført som ein begrensa konkurranse kor det er plukka ut 7 arkitekter etter ein innleiande prekvalifiseringsrunde. Ein eigen romprogramkomite har utarbeidd forslag til konkurranseprogram etter innspel frå ulike referansegrupper med deltakarar frå m.a. Sandnes kommune, næringsliv, reiseliv og dei andre jærkommunane.

Følgjande 7 arkitekter blei plukka ut til å delta: Askim/Lantto arkitekter AS – Oslo, Dominique Per-

rault Architecte – Paris, Helge Schjelderup Sivilarkitekter as – Stavanger, Jarmund/Vignæs AS – Oslo, KOD arkitekter – Stockholm, Lundgaard & Tranberg arkitektfirma as – København, Vulkan arkitekter AS og LPO arkitektetur & design AS – Oslo.

Kostnadsramma for konkurransen er på 2 mill. kr. Av dette har Sandnes kommune løyvd 1 mill. kr og Sandnes sparebank 1 mill. kr.

## **UTOVERRETTA VERKSEMD**

### **"Vitensenteret i Rogaland"**

I august 2003 blei Jærmuseet anerkjent som regionalt vitensenter, og fekk 1,1 mill i driftsstøtte frå UFD for skuleåret 2003/2004. Det blei for første gong sett av 4 mill. kroner på UFD sitt budsjett til grunnfinansiering av regionale vitensentra. Jærmuseet og Vitensenteret i Trondheim fekk begge 1,1 mill. kroner. Elles blei det delt ut prosjektmidlar til Nordnorsk vitensenter i Tromsø, Bergen vitensenter, Innlandets vitensenter i Gjøvik og Norsk Teknisk Museum i Oslo.

Departementet har sett ned eit eige utval, "Vitensenterutvalet", som vurderer søknader og tildeler midlar. Tilskotet blir utbetalt gjennom Norges Forskningsråd. Ordninga er ei prøveordning og skal evaluert i 2006. Det må søkast om ny tildeling i 2004.

"Vitensenteret" omfatta i 2003 utstillingane og formidlinga på Kvia, Leonardo-utstillinga og arbeidet med pilotprosjektet/matteloftet i Sandnes og det mobile realfagstilbudet Science Circus.

I tillegg kjem deltaking i relevante prosjekt og

arrangement som Nysgjerriger, Forskerfabrikken og Ung Agenda.

### **Samarbeid med HiS, Avdeling for lærerutdanning**

Me har gjennom lengre tid hatt kontakt med Avdeling for lærerutdanning på Høgskulen i Stavanger, v/ Mary Billington og Inge Christ. I løpet av hausten blei dette ført eit steg vidare då me skreiv under ein samarbeidsavtale mellom HiS og Jærmuseet. I avtalen er følgjande formål konkretisert:

- Utvikla og tilrettelegga eksperiment innafor temaet "Men mat må me ha"
  - Delta i utarbeiding av aktivitetar
  - Innarbeida bruken av Jærmuseet i fagplanar for naturfag for studentane
  - Legga til rette forskning og utviklingsarbeid og prosjektoppgåver for studentane
  - Gjera lærarar og skular kjende med Jærmuseet meir generelt – som framtidig tilbud til undervisninga
- Inge Christ skal som del av denne avtalen bruka 200 FoU-timar i 2004 på Jærmuseet Hå.

### **Vitensenterutstillingane på Kvia**

Storparten av den store utstillingshallen på Kvia skal fyllast av eksperiment og utstillingar knytta til tema som husdyr, åkerbruk, reiskapsindustri og energi. Fellesnemnaren er matproduksjon i vid forstand, og utstillingane har den samla arbeidstittelen "Men mat må me ha". Utstillinga har fire deltema: kva er mat, veksthuset, fjøset, verkstaden. Storparten av utstillingane skal vera ferdige i løpet av 2004. Utstillingane



*Alv Tengs Pedersen og barnebarnet i djup konsentrasjon over eksperiment i Sandnes museum.*

*Foto: Emilie Ashley, Jærmuseet.*

er som kjent finansierte av Kultur- og kyrkjedepartementet.

### **Vitensenterutstillingane i Sandnes**

Det gode samarbeidet med SEGRO (seniorekspertgruppa i siv.ing. foreninga i Rogaland), HiS avd. for lærerutdanning, NHO, Stavanger astronomiske forening og Gand vidaregåande skole om å utvikla vitensenteret i Sandnes er ført vidare i 2003. Arbeidet dette året har først og fremst konsentrert seg om å utvikla pilotprosjektet i Loftsetasjen på Huset Vårt/Solav.10. (Nå kalla "Abelloftet").

Pilotutstillinga har eit areal på ca 400 kvm og skal først og fremst innehalda eit matematikkrom og ei energiutstilling frå Lyse. Prosjektet er planlagt ferdig til hausten 2004.

Målet med pilotprosjektet er å konkretisere matematikken og visa sammenhengen mellom matematikk og samfunnet rundt oss. Utstillinga vil bestå av 20-30 interaktive eksperiment knytta til ulike tema samt et tilrettelagt formidlingstilbud forankra i læreplanane L97

### **Samarbeidspartar og deira bidrag**

- Norske sivilingeniørers forening/seniorekspertgruppen (SEGRO)  
*Har bidratt med kr 200 000 for å stilla faglege ressurser til rådvelde i utviklingsarbeidet*
- Lyse Energi  
*Planlegg å flytta si interaktive utstilling om energi i Oltedal og integrera denne i pilotprosjektet*
- Høgskolen i Stavanger, avdeling for lærarutdanning  
*Har underskrive ein forplikande samarbeidsavtale med Sandnes museum. Bidrar med eigeninnsats i utviklingsarbeidet, og sikrar forankring av undervisningsmateriell i fagplanane*
- NHO Rogaland  
*Har bidratt med faglege ressurser i utviklingsarbeidet. Bidrar med økonomiske virkemidlar til eit forskarkurs for barn*
- Hobby, Tre og Metall klubben. Dyktige amatørar og eldsjeler  
*Har bidratt med eigeninnsats for å produsera fleire av eksperimenta*
- Stavanger astronomiske forening

### *Bidrar med eigeninnsats i utviklingsarbeidet*

- Gand videregående skole  
*Bidrar med eigeninnsats i utviklingsarbeidet og har produsert eksperiment*

Rogaland fylkeskommune har dessutan løyvd kr. 50.000,- til prosjektet av midlar avsett over strategisk kulturplan. NIF sentralt har bevilga kr. 25 000 til eksperiment knytta til matematikk og musikk.

NHO har gitt kr 10 000 til innkjøp av laboratoriefrakkar i samband med forskarkurs for barn.

Det er i 2003 brukt om lag 150.000 kroner av eige driftsbudsjett, samt at den nye bygningshandverkaren frå august har brukt det aller meste av si tid på prosjektet.

### **Sandnes museum:**

Utstilling med Bilbaokunstnarane Alberto Ukritza og Olatz Blanco i Krossen Havremølle, samarbeid med Rogaland Kunstnersenter.

### **Aktivitetsdagar og andre arrangement**

#### **Jærmuseet Hå**

Har i alt gjennomført 11 aktivitetsdagar og fem mindre temporære utstillingar, dels i samarbeid med eksterne samarbeidspartar – m.a. Hå Hå Historie- og Ættesogelag, Vennelaget for Jærmuseet Hå, Science Circus, Bredablikk barnehage.

Avdelinga har elles deltatt med utstilling og aktiviteter på Varhaugmessa og Ung Agenda i Sola (7. – 9. mai).

I vinterferieveka var det eige aktivitetsprogram med



*Aktivetsdag på Varden sjøredningsmuseum.*

*Foto: Jærmuseet.*

m.a. Science Show og spaghettibygging.

I juli hadde me også dette året særskilt dagsprogram med aktivitetar på museumsgarden på Kvia.

### **Sandnes museum**

På Sandnes museum blei det arrangert fire åpne aktivi-

tetsdagar, og ei temporær utstilling med Bilbao-kunstnarane Alberto Ukritza og Olatz Blanco, i samarbeid med Rogaland Kunstnersenter, (30.10.–10.11). Sandnes museum samarbeidde dessutan med Sandnes kulturkontor om å leggja tilrette utstillinga "Da klokka klang" for Sandnes bibliotek.

Den "Lille arkitektkonkuransen" (Pepperkakehus-konkurranse) blei arrangert før jul.

I juryen: Martha J. Ulvund, Jostein Rovik, Lars Øglænd. Sandnes sentrum bidrog med kr 5000 i premiar.

### Åpningstider og åpningstimar

Utstillingane i Sandnes (Krossens havremølle, Sola-veien 10 og Øglændmuseet) hadde åpe sundagar heile året kl. 12.00 – 15.00, og åpe dagleg i perioden 21.06.-17.08. I alt 419 åpningstimar.

Jærmuseet på Kvia hadde dagleg åpe i perioden 2. mars - 23.november. Avdelinga hadde åpe for grupper heile året. I alt 1252 timar.

### Fordeling av ulike grupper og alderssteg på Kvia

	Grupper 2003	Elevar 2003	Elevar 2002	Grupper 2002
<b>Barnehagar</b>	35	927	1409	54
<b>1. - 4. klasse</b>	163	4420	3295	199
<b>5. - 7. klasse</b>	53	1532	1003	
<b>Ungdomsskular</b>	82	1664	480	13
<b>SFO / Ferieklubbar</b>	11	301	212	10
<b>Vidaregåande / studentar</b>	22	557	421	18
<b>Sum</b>	<b>366</b>	<b>9401</b>	<b>6820</b>	<b>294</b>

*I 2003 var talet på grupper 366, mot 294 i 2002.*

### Fordeling av ulike grupper og alderssteg på Grødaland og Varden

<b>Barnehagar</b>			15	1
<b>1. - 4. klasse</b>	2	75	42	3
<b>5. - 7. klasse</b>	2	76	96	
<b>Ungdomsskular</b>	1	40	158	2
<b>SFO / Ferieklubbar</b>				
<b>Vidaregåande / Studentar</b>			160	3
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>191</b>	<b>471</b>	<b>9</b>

Grødaland hadde åpe sundagar frå mai – september, og kvar dag i perioden 21.06. – 17.08. Varden Sjøredningsmuseum hadde åpe sundagar i juli. Tilsaman 367 timar. Samla tal åpningstimar i 2003: 2038.

### Undervisning

Jærmuseet, inkludert Science Circus, hadde i 2003 til saman 18.277 elevar i organisert undervisning. Av dette var 16.667 grunnskuleelevar, mot 7038 i 2002. Då Jærmuseet fekk kr. 500.000 frå DKS (skulesekken) i fjor, kravde KKD at museet skulle auka talet på elevar med 5000. Me er såleis godt fornøgde med at me dobla det forventa talet.

## Seminar og omvisingar

I 2003 blei det arrangert seks seminar og omvisingar for lærarpersonell i museumsregionen.

Røynslene med denne form for informasjon er gode. Det fører til at fleire skular nyttar museet, og at fleire lærarar nyttar utstillingane og museumsområdet på eiga hand.

I tillegg arrangerte Nysgjerrigper to kurs i Nysgjerrigpers arbeidsmetode (16.01 og 5.11).

Frå og med mai kunne me og tilby grunnskulane gratis transport til Leonardo-utstillinga i Sandnes. Som kjent sette SR-bank region Jæren av kr. 120.000 til transportstøtte til elevar frå Jærkommunane som ville besøka utstillinga.

## Fordeling av ulike grupper og alderssteg på Sandnes

	Grupper 2003	Elevar 2003	Elevar 2002	Grupper 2002
<b>Barnehagar</b>	0	0	0	0
<b>1. - 4. klasse</b>	20	431	125	6
<b>5. - 7. klasse</b>	21	532	70	3
<b>Ungdomsskular</b>	38	977	133	6
<b>SFO / Ferieklubbar</b>	0	0	0	0
<b>Vidaregåande / studentar</b>	5	126	22	2
	<b>84</b>	<b>2066</b>	<b>350</b>	<b>17</b>

## Science Circus

Då Jærmuseet fekk pengar frå den kulturelle skulesekken i fjor, inviterte me Teknoteket/ Science Circus til samarbeid. Teknoteket er stiftinga som eig Science Circus, og ein har nå flytta verksemda og kontoradressa til Jærmuseet.

Frå vinterferien og ut i april vareksperimenta utstilt i utstillingshallen på museet. Samstundes sende me ut brev til grunnskulane i Rogaland med tilbud om Science Circus direkte til deira skule. S.C. var på vegen i mai. I løpet av året har S.C. besøkt 40 barne- og ungdomsskular i heile fylket – frå Utsira vest i havet til m.a. Ølen, Suldal og Egersund. 6619 elevar



Science Circus på Vikevåg skule, Rennesøy.  
Foto: Ivar Reed Nakken. Jærmuseet.

har opplevd Science Circus og over 400 lærarar har delteke på kurs. Responsen var så stor at ein måtte seia nei til ein god del skular.

Mottakinga frå både elevar, lærarar og foreldre har vore overveldande positiv.

Mange skular ønska også åpen kveld for foreldre/bygdefolk, og desse kveldane har vore godt besøkte. Ein har ikkje makta å telja opp opp publikum på kveldstid.

I ei tid kor mange skular har lite pengar til å dra på tur til museer og vitensentra, er eit slikt omreisande tilbud svært viktig. Det er dessutan god reklame for Jærmuseet og ein fin måte å gjera barn og lærarar kjende med vitensenter-ideen.

Eit besøk av Science Circus består av:

- utstilling med 30 interaktive eksperiment som vert sett opp i gymnastikksalen.
- Åpnings-show for alle elevane på skulen med tema frå fysikk og kjemi
- klasseromsundervisning/eksperimentering i emna elektrisitet/magnetisme, lys/syn, lyd/hørsel, lufta sine eigenskapar og planetariet med 3000 stjerner og historier frå gresk mytologi.
- 2 timars kurs for lærarar med tips og idear til enkle eksperiment til bruk i klasserommet.
- Åpen kveld for bygdafolket med utstilling og planetarievisning.



*Storevarden skole presenterer prosjekt om sidesyn på Nysgjerrigper-dagen på Kvia.*

*Foto: Jærmuseet.*

## ANNA FORMIDLING

### Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er eit kunnskapsprosjekt for barneskulen og blir drive av Norges Forskningsråd. Her blir lærarar og elevar i barneskulen invitert til å bli med i ein nasjonal forskingskonkurranse. Det beste bidraget blir kåra til Årets nysgjerrigper. Bidraga blir først evaluerte av ein regional jury. I 2003 blei dei regionale vitensentraene brukte som samarbeidspartar i denne prosessen. Den regionale juryinga for region sør (Rogaland, Vest Agder, Aust Agder og Telemark) føregjekk på Jærmuseet. Anne Jorunn

Frøyen representerte Jærmuseet i juryen. Av 28 innkomne bidrag gjekk 6 vidare til landsfinalen.

Dei 10 beste frå region sør blei invitert til å presentera og stilla ut sine bidrag på ein aktivitetssundag på Jærmuseet Hå 25.mai.

### "Sjå Jæren"

Årboka 2003 hadde dette året eit variert innhald. Boka inneheld følgjande artiklar: Førjulstid og juletradisjonar i eldre tid, (Målfrid Snørteland), Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet (Inger Smidt Olsen), Jærbonden og landskapet (Gunnhild Setten), Meieriet og mannen, om meieristyrar Gabriel Ueland, (Hans Torgny Indrebø), Rundballepakkaren (Einar Lea).

Årboka har eit opplag på 1000 eksemplar. Storparten av opplaget blir sendt til medlemmer, abonnentar og bytteforbindelsar.

### Internett

Museet har revidert eller lagt ut nye ting om lag kvar 14. dag i 2003. Vekesrapportar viser at det stadig er folk inne og søker etter stoff på sidene.

Heimesida har ikkje lenger ein struktur som er god for publikum, så me har starta arbeidet med ein omfattande revisjon. I oktober gjennomførte NetLife Research ei vurdering av heimesidene våre som vil vera til god hjelp i arbeidet med revisjonen.

### Media

Presse og TV har hatt velvillig omtale av Jærmuseet og ulike prosjekt og aktivitetsdagar. Særleg har

Stavanger Aftenblad vore flink til å følgja opp vitensenterplanane og arkitektkonkurransen i Sandnes.

## SAMLINGAR, BYGNINGAR OG DOKUMENTASJON

### Innsamling

Jærmuseet har også dette året måtta takka nei til mange tilbud, men me set stor pris på at folk kontaktar oss. Museet avgrensar innsamlinga til materiale som er i samsvar med innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

### Gjenstandar

Frå Time kommune har museet overteke deler av Time tekniske museum si samling m.a. ei modellsamling frå Trallfa med trillebårer, vogner m.m.

Frå Kverneland ASA har museet fått ein del av dei eldste hesteplogane frå fabrikk og ei tidleg prøve-utgåve av høysvansen.

Me har fått ei interessant tilvekst til tekstil-industrisamlinga frå Skjæveland strikkefabrikk; to strikkemaskinar og ei samling trikotasjeprodukt.

### Arkiv

Me har fått nokre store og viktige tilvekster til privatarkivsamlingane. Den største er TESA-arkivet. Det er eit interessant arkiv om industrisamarbeid og utvikling i regionen. I samarbeid med Rogalandsforskning er det søkt Rogaland fylkeskommune om

forprosjektmidlar for å kartlegga, sikra og systematisera aktuelle arkiv og dokumenter, kartlegga personar som har vore involvert i TESA sitt arbeid, og intervjuar nokre av dei, samt utarbeida ein prosjektbeskrivelse med finansieringsplan og søknader. Saka blei behandla i Regional- og kulturutvalet i møte 03.09. 03 og gjorde følgjande vedtak:

*"Regional- og kulturutvalget sender saken tilbake til administrasjonen og ber om at det blir tatt initiativ til et spleiselag med andre kommuner og organisasjoner for å få til dette prosjektet. TESA`s historie er såpass spesiell i industrihistorisk sammenheng at alle kunnskaper som har overføringsverdi bør nyttes."*

Museet har fått melding om at fylkesrådmannen vil ta initiativ til eit møte for å drøfta saka, men dette var ennå ikkje følgt opp ved årsskiftet.

### **Takk til følgjande gjevarar:**

Tønnes Kverneland, Time; Sverre S. Undheim, Time; Bø museum, Telemark; Ola Lende, Time; Time kommune (Time tekniske museum); Sigurd Tore Anda, Klepp; Nils Tore Brusli, Hå; TESA v/Alv Tengs Pedersen, Per Øglænd, Per E. Bjørnevik og Gunnar Finne, Sandnes; Oddvar Byberg, Sola; Marta Ulvund, Sandnes; Skjæveland Strikkevarefabrikk, Gjesdal; Gerd Salvesen, Sandnes; Terje Lunde, Sandnes; Paul Aniksdal, Hå; Underhaug Mekaniske, Hå; Livar Hesje, Time; Jarle Amundsen, USA; Målfrid Snørte-land, Stavanger; Målfrid Grimstvedt, Sola; Tobias Skretting, Hå; Leiv Larsen, Hå; Tor Magne Ånestad, Hå; Nærbø handelslag, Hå; Terje Nygård, Hå; Berit

S. Rosenberg, Sandnes; Nærbø idrettslag si symjegruppa, Hå; Kverneland ASA, Time; Norsk Teknisk Museum, Oslo; Sven Tjessem, Time; Kristian Bøe, Sandnes.

### **Restaurering og vedlikehald**

Regionmusea sin tekniske konservator Eirik Aarebrot har følgt klimautviklinga ved magasinerna i Sandnes og på Kvia gjennom målingar og bistått med råd om oppbevaring og stell av spesielle gjenstandar. Han har og behandla ein del mindre gjenstandar.

### **Magasina**

Det er blitt ordna og pakka noko meir tekstilar og mindre gjenstandar i Jærmuseet Hå. Det er køyrt nokre lass frå Rådhuskjellaren på Varhaug til magasinet på Kvia.

I løpet av hausten fekk me bygd spesialrom for foto- og filmnegativ på Kvia.

Gjennom Sandnes kommune disponerer museet også magasin på Altona i Sandnes. Magasina er uoppvarma lagerrom og høver best for større gjenstandar som toler skiftande klima. I løpet av året har foto og film blitt flytta til betre magasin på Kvia. Større, meir robuste gjenstandar har blitt tatt inn i dette magasinet. For å betra sikringa blei det skifta låser.

### **Flytting**

Eitt av dei større prosjekta til museet har også dette året har vore flytting av gjenstandar til det nye fellesmagasinet på Åmøy. Flyttinga har pågått gjennom



Øverst: Vinkrukke frå Ganns potteri og teglverk, Sandnes. JÆHS2002.11.387.

Nederst: Keramisk skål frå Sandnes. JÆHS2002.02.053  
Foto: Jærmuseet.



Øverst: Trillingfat frå Ganns Potteri og teglverk, Sandnes. JÆHS2002.11.193.

Nederst: Mugge frå Sandnes. JÆHS2002.11.164.  
Foto: Jærmuseet.



heile året. Lars Ødemotland har hatt ansvar for flyttinga. Han har hatt med seg ulike, innleigde folk. Det blei kjørt 52 lass, av desse gjekk dei fleste til lageret på Åmøy. Men i tillegg blei det flytta ein del gjenstander frå Hognestad til Refsnes. Det blei flytta om lag 500 gjenstander.

### **Registrering, ordning og pakking**

- Arbeidet med registrering, fotografering og pakking av keramikksamlinga frå Sandnesmuseet har halde fram. Omlag 300 gjenstandar er dette året katalogførte i WinRegimus. Delar av boksamlinga er også katalogført i WinRegimus, totalt 294 bøker.

- Arbeidet med registrering av Øglændsamlinga har halde fram. Ved årsskiftet hadde Per Øglænd dataregistrert, merka og fotografert 772 gjenstandar. 56 av syklane frå lageret på Altona er også merka og fotograferte, før dei blei samla i loftsetasjen. Registreringsarbeidet er viktig, både med tanke på føreståande flytting og bruk av samlinga i pilotprosjektet i Solav. 10.
- I samband med flyttinga av jordbruksamlinga til Åmøy blir gjenstandane fotograferte. Dette året har det også blitt nummerert om lag 100 gjenstander som har vore i samlingane, men utan å vera tilvekstførte.
- Ein del tekstilar frå samlinga til Hå bygdemuseum er vaska og registrert
- Det er registrert og fotografert ca. 170 T-skjorter samla inn til utstilling på Hå Gamle Prestegard.

### **Foto**

Det er stadig etterspørsel etter foto frå samlingane. Me har ikkje fått inn større, nye samlingar.

- Takka vera ei løyving frå Kverneland Group ASA på kr. 25 000,- har me kunna intensivera arbeidet med å ordna denne store fotosamlinga. Magne Tørresen arbeidde ein månad og nytta tida til å sortera og legga på plass eitt par tusen dias. Dei ligg nå i hengemapper, ordna etter emne. Filmnegativa blir førebels oppbevart i originalemballasjen, men dei blir nummererte og opplysningane registrerte og klassifiserte i WinRegimus. På det viset er om lag 50 000 foto søkbare. Av desse er om lag 350 foto digitaliserte.
- Mot slutten av året løyvde Sandnes kommune kr. 40.000,- til eit forprosjekt for ordning og tilrettelegging av tidlegare Sandnesmuseet si fotosamling. Dette arbeidet vil starta opp i 2004.

Tilrettelegging av denne fotosamlinga vil vera viktig for arbeidet med det planlagde byhistoriske verket som skal vera ferdig til byjubileet i 2010.

Kartlegginga av fotomateriale ved kulturvern-institusjonane i Rogaland, i regi av Fotobeveringsnettverket i Rogaland og Statsarkivet i Stavanger i 2001, viser at Sandnesmuseet si fotosamling består av omkring 20 ulike fotosamlingar, med meir enn 7000 fotografi, positiver, negativer og lysbilde. Fotosamlinga er mangelfullt registrert og ikkje tilstrekkeleg sikra.

## DOKUMENTASJON OG FORSKNING

### "Full fres under blå jærhimmel. Historia om ei eventyrleg industriutvikling."

Lars Gaute Jøssang arbeidde for fullt med manus fram til hausten 2003. Museet støtta han i arbeidet gjennom å finna fram litteratur og ved å formidla kontakt med aktuelle informantar og ressurspersonar. 12. juni samla me 5 – 6 røynde industrifolk til drøfting av manus.

Det blei i løpet av sommaren klart at tidsplanen med bokutgjeving hausten 2003 ikkje let seg gjennomføra. Arbeidet med biletredaksjonen kunne heller ikkje begynna for alvor før manus var klart. Biletarbeidet begynte for alvor i november og blei ikkje fullført dette året.

## BYGNINGAR OG ANLEGG

### Jærmuseet Kvia 4H gard

Drifta på garden har i hovudsak følgt same driftsopplegg som tidlegare år. Pr. 31.12. 2003 hadde museet følgjande besetning:

#### *Kyrne*

25 Kvirei (2), kasta kalv 01.03

30 Stutkalv f. 12.05, etter Plomma. Far: 6493

29 Kvice, f. 16.05.02, etter Plomma

1348 Ku kjøpt frå Tore Sæland, Klepp i aug. 03.

Jærmuseet har ein avtale med Norsk Landbruksmuseum/Genressursutvalet om å oppretthalda ei lita bevaringsbesetning av Vestlandsk raukolle.

Elles har Jærmuseet to fjordingar, griser, jærhøns og gjæser. I tillegg har ein nabo har nokre sauer på garden.

#### *Heimehuset på Kvia*

Det er ikkje gjort særlege vedlikehaldsarbeid i huset dette året.

#### *Audamotland*

Det har ikkje vore utført særlege arbeid med dette prosjektet i 2003. Audamotland vil bli prioritert når bygningshandverkaren har fullført dei bygningsmessige arbeida knytta til pilotprosjektet i Sandnes.

Innreiingsarbeida i naturfagsrommet (fjoset) er ferdige, men dette kan ikkje takast i bruk før Hå kommune har ført fram vatn. Søknad om dette ligg til behandling i kommunen.

#### *Grødalaland*

Det er gjort ein del oppgraderingar av dei tekniske anlegga. Sidan ein i lengre tid hadde vore plaga med falske tjuverialarmar blei det installert nytt leidningsnett og detektorar, noko som så langt har vore vellukka.

Ein har også gjennomført ei forbetring av sprinklaranlegget. Det er montert over 40 toppkranar for kondens vatn, noko som skal gjera den årlege kontrollen av anlegget enklare og billegare, og minska farane for lekkasje. Anlegget på Grødalaland er eit spesielt anlegg

med mange utvendige dyser.

Bygningsvedlikehold: Sjekking og skifting av enkelte takpanner, tetta overlys, demontert vindu for renovering, oppmåling av vindbord med tanke på utskifting.

#### *Varden*

Sverre Varhaug med Lerbrekkjengen malte heile huset.

#### *Krossens Havremølle*

Møllemeisterboligen blei fotografert og målt opp før oppussingsarbeidet hausten 2002. Våren 2003 laga Ragna Syversen ein dokumentasjonsrapport om dette arbeidet, m.a. for å gjera ei framtidig tilbakeføring av bygget til miljøutstilling lettare.

Ein del etterslep på vedlikehald og opp-pussing er utført i 2003. Mykje av dette arbeidet er utført av eigen stab, i hovudsak Odd Kjetil Liland og Olav Bråtveit. Kontora var innflyttingsklare i mars.

#### *Solavn. 10*

Hausten 2003 blei det her installert brannalarmanlegg og tjuverialarm. Tiltaket kunne gjennomførast med tilskot av sikringsmidlar frå ABM-utvikling. Tjuverialarmen er installert av Viste og Sømme, og brannalarmanlegget er levert av Vagle Elektroinstallasjon.

#### *Andre antikvariske bygningar i Sandnes*

Anlegget på Austrått er dessverre utsett for ein del hærverk. Ungdomsskulelevane har lenge nytta plassen



*Heimahuset på Tranegarden på Austrått.  
Foto: Torbjørg Sægrov. Sandnesmuseet.*

som "røykehjørne". I løpet av året er det skifta ein del knuste ruter. Det er utførte enkle reparasjonar på løetaket, samt rydding av tre og greiner.

Sandnes kommune har rehabilitert heimehuset slik som avtalt, m.a. er taket skifta.

På Gjesteland og Norland er taktekkinga renovert. På Eskeland er døra øydelagt, denne er demontert og døråpninga mellombels tetta.

## **ANNA ARBEID I EIGAR KOMMUNANE**

### *DFU*

I september var Jærmuseet v/M.Grimstvedt med Gjesdal kommune på synfaring hos DFU Venås med tanke på å overta gjenstander til kommunen si industri-samling. Ho registrerte dei aktuelle gjenstandane.

### *Forprosjekt for Sandnes byhistorie*

Jærmuseet v/M.Grimstvedt og M.Snørteland har vore med i gruppa som utarbeidde forprosjekt for Sandnes kommune for ei byhistorie til 150 års jubileet i 2010.

### *"Bærbare meiningar" – utstilling på Hå gamle prestegard i 2004*

Jærmuseet Hå samarbeider med HGP om denne utstillinga. Museet tar imot og registrerer alle Tskjorter som blir samla inn og låner inn Tskjorter frå andre muse.

### *"I det regionale spenningsfeltet. Sola Energi 1913 – 1999"*

Solakommune gav hausten 2003 ut ei bok om det lokale energiselskapet, forfatta av Kristin Øye Gjerde. Målfrid Grimstvedt var biletredaktør for boka.

## **FLYHISTORISK MUSEUM SOLA**

### **Utstilling og formidling**

På grunn av lengre sjukmelding er det ikkje laga nokre nye temautstillingar dette året, men utstillinga er blitt supplert med mindre gjenstandar/element og tekstar. Det er dessutan utført noko vedlikehaldsarbeid med utskifting og laminering av tekstar og bilde.

På grunn av arbeid med utstillingar i eige nybygg, har Jærmuseet dessverre ikkje hatt kapasitet til vidare

arbeid med interaktive utstillingselement ved FMS i 2003, men dette må følgjast opp i 2004.

Registrering/katalogiseringsarbeid: Arbeidet med katalogføring av foto, gjenstandar, bøker og arkivmateriale i WinRegimus har halde fram denne sesongen. Det er tilvektført 32 aksjonar dette året.

Arbeidet med edb-registrering og fotografering av tidlegare innkomne gjenstandar har også halde fram. Gjenstandar som skal inn i utstilling er blitt prioritert, men det er framleis store restansar i registreringsarbeidet.

Oversikt over registrerte foto/video og bøker/tidskrift er tilgjengeleg i biblioteket på FMS.

### **Bevaring/sikring**

Via Jærmuseet har samarbeidet med Senter for konserveringstjenester og Eirik Aarebrot halde fram. M.a. har han hatt gjenstandar frå Junker 52 "Havørn" til reinsing/konservering. Rydding og pakking i uniformsrom har halde fram i 2003. Enkel klimakontroll ved hjelp av varmeomn og hygrometer har synt seg å fungera godt i dette magasinet.

Konservator har også tatt aktivt del i sikringsarbeidet ved FMS. Ved hjelp av midlar frå ABM-utvikling kunne FMS hausten 2003 gjennomføra tiltak som oppgraderte sikringa av museum og samlingar.


# Rekneskap 2003

# Balansekonto pr. 31.12.2003


	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002
<b>INNTEKTER</b>		
FASTE OFFENTLEGE TILSKOT	9 535 900	7 036 913
SALSINNTEKTER	304 180	224 588
ENTREINNTTEKTER	367 642	329 425
UTLEIGE	190 255	148 269
BOKSAL	55 337	26 869
MEDLEMSSKAP/ANNONSER	118 550	106 030
JORDBRUKSINNTTEKT	87 560	70 659
DIVERSE INNTEKTER	7 812	22 751
BRUK AV ØYREMERKA TILSKOT	2 152 503	3 927 389
REFUSJONAR	203 143	150 619
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>13 022 882</b>	<b>12 043 512</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>		
LØNNSKOSTNADER	5 569 075	4 779 320
HONORAR	36 650	11 000
SOSIALE KOSTNADER	1 451 263	1 361 539
INNKJØP AV VARER FOR SAL	214 990	185 083
KJØP INVENTAR OG MATERIELL	472 379	435 792
VEDLIKEHALD BYGG	331 611	58 269
NEDSKRIVING BYGG	219 269	
VEDLIKEHALD ANLEGG	357 279	468 057
VEDLIKEHALD UTSTYR/SAMLINGAR	169 735	99 279
VITENPROSJEKT	691 034	2 498 034
KONTOR OG ADM.KOSTNADER	377 294	294 607
STRAUM OG REINHOLD	571 939	280 084
LAGERLEIGE	51 094	40 610
AVGIFTER/FORSIKRINGAR	212 722	127 973
REISER/KURS/TRANSPORT	333 247	215 722
GARDSDRIFT	127 909	87 850
MARKNADSFØRING/UTSTILLING	442 050	605 700
PUBLIKASJONAR/DOKUMENTASJON	102 921	94 843
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	817 238	401 253
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>12 549 697</b>	<b>12 045 015</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>473 185</b>	<b>-1 503</b>
Renteinntekter	444 230	593 625
<b>Årsresultat</b>	<b>917 415</b>	<b>592 122</b>
<b>Overføringer:</b>		
Overført annan eigenkapital	917 415	592 122

  
Marthe Ulvund  
Styreleiar

  
Roald G. Bergsjøer

  
Solveig Horne Kølnes

  
Tom Tvedt

  
Gunnar Sivjelund

  
Arminn Vigrestad

  
Kåre Hauge


  
Tor Audun Bilstad


  
Liv Todnem

	Noter	2003	2002
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Varige driftsmidlar:</b>			
Byggetrinn 1	2	0	0
Byggetrinn 2	2	0	0
Inventar/utstyr	2	0	0
Kontorinventar/utsyr Sandnes	2	70 285	
EDB-utstyr	2	0	0
EDB-installasjon Sandnes	2	119 892	
Bilar/transportmidlar	2	121 333	
Samlingar	5	200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>511 510</b>	<b>200 000</b>
Innskot Nærbo Handelslag		18 547	15 756
Eigenkapitaltilskot KLP		16 906	16 906
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>35 453</b>	<b>32 662</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>546 963</b>	<b>232 662</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varelager		167 910	167 910
Fordringar			
Kundefordringar		159 096	282 850
Andre kortsiktige fordringar		3 531	13 327
<b>Sum fordringar</b>		<b>330 537</b>	<b>464 087</b>
<b>Bankinnskot kontantar og likn.</b>	<b>4</b>	<b>12 401 467</b>	<b>9 110 853</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>12 732 003</b>	<b>9 574 940</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>13 278 967</b>	<b>9 807 602</b>
<b>Balanse eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
Innskoten eigenkapital	5	200 000	200 000
Grunnkapital			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		4 644 775	3 727 359
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>4 844 775</b>	<b>3 927 359</b>
<b>GJELD</b>			
<b>Ubrukte øymerka midlar</b>			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1	1	255 188	255 188
Ubrukte midlar, byggetrinn 2	1	0	126 547
Vitensenterutstillingar		2 686 378	2 865 821
Andre øymerka tilskot	1	3 117 507	685 033
<b>Sum ubrukte øymerka midlar</b>		<b>6 059 073</b>	<b>3 932 589</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Hå kommune		288 000	288 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>288 000</b>	<b>288 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Vennelaget		5 988	3 630
Leverandørgjeld		919 505	599 044
Skuldig skattetrekk		253 916	229 703
Skuldig arbeidsgjevaravgift		168 816	175 142
Skuldige feriepengar inkl. arb.gj.avg		706 193	582 462
Påløpt løn		0	26 302
Skuldig meirverdiavgift		3 433	21 791
Forskot inntekter		29 269	21 580
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 087 119</b>	<b>1 659 654</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>8 434 192</b>	<b>5 880 243</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>13 278 967</b>	<b>9 807 602</b>

Nærbo, 19.05.2004

  
Solveig Hope

  
Ivar Rusdal

  
Målfrid Snorteland  
Museumsdirektor